

Bok på 1-2-3



Eg og Pontus går for gull

Av Odd Nordstoga og Rune Markhus

**Undervisningsopplegg for 3.–7. trinn
i faga norsk, kroppsøving og musikk**

Tid: 90 minutt (pluss eventuelt etterarbeid og repetisjon)

Utstyr og førebuing

- Kople opp pc med tilgang til internett og prosjektør
- Gjere boka klar for skjermvisning i klasserommet
- Skriv ut «tusjdikt» frå kopieringsoriginal
- Ein tusj til kvar elev
- Til danse- og kroppsøvingsssekvensen:
Eit rom med plass til å danse på.
- Ark/skrivebok og blyant eller læringsbrett
(til ekstra-skriveoppgåva)

Til læraren. Kort om boka:

Eg og Pontus er ikkje slik som du. Vi tenkjer oss aldri om to gonger. Vi gjer alt det du fann ut at du ikkje tør, ikkje kan, ikkje får lov til eller ikkje gidd likevel. Eg og Pontus vekkjer til liv ein mørklagd by, lagar fest og musikk, ranar kongen, fiksar ein revolusjon og feirar durabeleg etterpå. Alt på ein dag. Så reiser vi vidare.

Formål

Norsk

- Lese og arbeide med ulike bøker og tekstar
- Stimulere leselyst
- Frå kjerneelementa i norsk 2020: Elevane skal eksperimentere og bruke nysgjerrighet i faget, og skal arbeide med skriftleg tekstsaking

Kroppsøving

- Leike og vere med i aktivitetar i varierte miljø der sansar, motorikk og koordinasjon blir utfordra. Utforske rørsler til ulike rytmar og musikk.
- Frå kjerneelementa i kroppsøving 2020: Elevane skal delta i lag med andre i rørsleaktivitetar

Musikk

- Lære folkedans og utforske rytmar
- Frå kjerneelementa i musikk 2020: Elevane skal utøve og oppleve musikk og jobbe med kulturforståing

1 Før lesing (5 minutt)

Vis framsida på storskjerm og snakk saman om illustrasjonen

Kva er tittelen på boka?

Eg og Pontus går for gull.

Kven av dei to figurane trur du er Pontus og kven er «eg»-personen?

Svaret er at katten er Pontus, men du kan gjerne svare elevane at det finn vi kanskje ut av når vi les boka.

Kven har skrive boka?

Odd Nordstoga, songar, låtskrivar og også forfattar. Kanskje kjenner du att stemma frå songen «Bestevenn» frå serien «Vaffelhjarte»:

<https://www.youtube.com/watch?v=Hoka518DE4o>

Trur du det er same stemning i denne boka som i Bestevenn-songen?

Kvifor, eller kvifor ikkje?

Illustrasjonen viser rett nok to bestevenner, men gjev assosiasjonar til meir futt og fart enn i akkurat den songen.

Nordstoga har røter i folkemusikken, og det kan vi høyre i mange av songane hans. Både i denne boka, og i folkemusikken før og no, er dans og livsglede viktige moment.



2 Lesing (20 minutt)

Læraren les høgt samstundes som elevane ser boka på storskjerm.

Forklar gjerne eitt og anna nytt ord undervegs når du les.

3 Etter lesinga

(20 minutt)

Individuelt arbeid, «tusjdikt»

Del ut eitt ark til kvar elev med nokre utvalde strofer frå boka *Eg og Pontus går for gull*.

Kvar elev brukar tusjen til å stryke over ord på arket, men vel ut eitt ord på kvar linje som ikkje skal strykast ut. Dei orda som står att, blir eit nytt dikt.

Les dei for læringskameraten. Endra forteljinga seg når det lange diktet, boka, vart krympa til så få ord?

Korleis vart forteljinga no, når ho verken rimar eller er komplett? (Her er ingen fasit, men det er fint å undre seg i lag om form og innhald)

Snakk saman

Kva var spesielt med teksten i forteljinga?

(Ho er skriven i ei fast form der siste orda rimer: AABBBBB)

Nokre dikt er slik med fast rim og rytme. Andre er det ikkje. Det er heilt opp til forfattaren korleis eit dikt skal vere. Ragnar Hovland har til dømes skrive dikt på eit heilt nytt språk:

Eg lagar meg eit nytt språk og skriv eit dikt

Marama higo famas
sepungo dilma fei
lakama resolamas
e girgo savakei

Kvar er rimet her?

Kva trur du diktet handlar om?

Ekstra skriveoppgåve om de har tid

Skriv eit tulledikt på eit heilt nytt språk, der første og tredje, og andre og fjerde linja rimar, som i Ragnar Hovland sitt dikt.

Natta [redacted]

[redacted] i [redacted]

[redacted] slottet [redacted]

[redacted] bryt [redacted]

[redacted] hjartet [redacted]

[redacted] opp [redacted]

[redacted] der [redacted]

4 Kroppsmeistring: motiv frå halling

(45 minutt)



Til læraren, før økta

Dersom de ikkje kan sjå på dansesnuttane på same rommet som de skal danse, er det lurt å sjå småfilmane først på klasserommet, før de går i gymsalen, ut på gangen eller ut på skuleplassen. Det går også an at læraren har med ein mobil eller eit læringsbrett dit ein skal vere, slik at ein kan sjå på instruksjonsfilmane undervegs.

Introduksjon til elevane

I boka er dei to vennene fulle av futt og fart, steller i stand fest og moro sjølv om kongen har forbode «alt til den minste trudelutt».

Visste du at før brukte mange dans som ein måte å vise kor tøffe og sterke dei var? I lausdansen halling var det om å gjere å sparke hatten ned frå eit kosteskapt høgt oppe i lufta, medan spelemannen spela og alle sto rundt og klappa og beundra dansaren.

Vi skal no lære nokre motiv frå halling, som ikkje handlar om å sparke ned hatten, men som er triks som utfordrar styrke, balanse og koordinasjon.

Filmar frå Folkepedia:

- Motiv frå halling, til dømes kruking: <http://www.folkepedia.no/kruking>
- Fleire hallingmotiv: <http://www.folkepedia.no/hallingmotiv>

Har de meir tid, kan de gjerne gjere danserørslene som «Rørslelotto»:
<http://www.folkepedia.no/rrslelotto>